



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

12. oktober 2022

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Innspel til oppstart med arbeid med Plan for friluftslivets ferdselsårer

Plan for ferdselsårer skal omhandla barmarksturar, padling/roing og sykling og kartleggja friluftslivets ferdselsårer på sjø og land i Austrheim kommune. Desse ferdselsårene er avgjerande for vår utøving av friluftsliv.

Naturvernforbundet Nordhordland legg stor vekt på naturoppleving og at naturen skal vera ei kunnskapskjelde til auka forståing for landskapsverdiar, naturmangfald og kulturminne. Dette meiner vi Plan for friluftslivets ferdselsårer kan bidra til ved særleg å kartleggja og rydda stiar i typiske naturområde og i nærleiken av der folk bur. Ikkje minst blir det viktig å kartleggja, rydda og opna opp gamle ferdselsårer mellom bygdene. Dei er mange stader i ferd med å gro heilt att, men har stort potensiale for naturoppleving og folkehelse.

Prosjektplanen støttar opp under dette synspunktet:

«Stiane, padleløypene og ferdselsårene me følgjer på turar er avgjerande for vår utøving av friluftsliv. Kommunedirektøren ser at det er klar samanheng mellom utforming av ferdselsårene og bruken av dei. Rundturar og turar i kultur- og naturlandskap er meir attraktive enn turar som går fram og tilbake, eller i meir bebygde og trafikkerte område. Nærleik til ferdselsårene er også vesentleg.»

Naturvernforbundet Nordhordland sluttar seg til denne vurderinga.

Kommunen sitt motto er «Opne landskap; ope sinn». Mottoet må speglast att i planen ved at landskap og landskap med utsikt og utsiktspunkt vert høgt prioritert, t.d. Øksnesmarka, Sætremarka, Vardetangen og sjømråda rundt Fosnøy og i Øyane.

Kommunen slit med dårleg vedlikehald av turløypar og attgroing. Det gjeld i sær Øksnesmarka og Hoplandsmarka. Begge tuområda har på ymse vis stort potensiale for landskapsoppleving og folkehelse ved at stiane kan ryddast, opprustast og utvidast til dagsturar på 3-5 timar, t.d. med dagsturhytter som målpunkt på Seisnappen eller ved Hoplandskvernane. I begge tuområda er det tilrettelagt for rundturar som kan utvidast, og stiane går i landskap med små inngrep. Det gjeld i sær stiane i Øksnesmarka, som er det største samanhengande urørte tuområdet i kommunen og med nasjonale naturverdiar.

I kartlegginga og tiltaksplanen må kommunen særleg vektleggja si eiga Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Austrheim kommune, utført i samarbeid med Hordaland fylkeskommune.

Kartlegginga peikar på følgjande «svært viktige friluftsområde» på land: Øksnesmarka og Øksneset, Hoplandsmarka, Vardetangen, Børilden, Rongevær og kysthytta, Sauøy, Krossøy og Selsøy. Av desse områda er Vardetangen, Selsøy, Sauøy, Krossøy, Øksnes friområde og kysthytta spesielt godt opparbeidde, medan dei andre vantar opprusting og betre tilrettelegging.

Det vil vera naturleg at kommunen planlegg og gjennomfører ferdselstiltak i desse delane av kommunen, men at også ferdselsveggar utanfor vert kartlagde og opparbeidde.

Meir spesifikt ønskjer Naturvernforbundet Nordhordland å prioritera følgjande turområde:

1. **Øksnesmarka** med opprusting og utviding av stiane til dagsturar på 3-5 timar, gjerne kombinert med padleruter og dagsturhytte som knutepunkt og skjøtselsplan mot attgroing. Innlemma BOF sitt friområde på Øksneset med tilrettelegging for turar i Øksnesmarka og padling i Øyane.
2. **Hoplansmarka** med rydding, opprusting og utviding av stiane til dagsturar på 3-4 timar, gjerne kombinert med padleturar og dagsturhytte ved Hoplandskvernane som knutepunkt og skjøtselsplan for fjerning av skog.
3. **Øyane** med tilrettelegging for ro- og padleturar og ilandstiging på dei mange øyane og med kysthytta i Rongevær, hamna på Baløy og friområdet på Øksnes som knutepunkt.
4. Rydding og restaurering av **gamle ferdselsårer** mellom og i bygdene; t.d. den godt opparbeidde ferdselsvegen mellom Øksnes og Årás, mellom Litlelindås og Snekkevika, gamle torvveggar og sjøveggar til naust og naustmiljø.

Jan Nordø
leiar